



## NYE VOLDA KOMMUNE

### REFERAT – RESSURSGRUPPA I HELSE- OG OMSORG

#### Møte på Hornindal omsorgssenter

30.08.2018 kl. 10:00-12:00

#### **Til stades:**

Svein Berg-Rusten, helse- og omsorgssjef/prosjektansvarleg

Ragnhild Aarflot Kalland, einingsleiar omsorg

Ingunn Gjengedal, konst. ass helse- og omsorgssjef

Mary Anne Espe, einingsleiar helse

Mona Helen Kile, einingsleiar førebygging, rehabilitering og legeteneste

Hovudtillitsvald Fagforbundet Volda/Hornindal, Oddbjørg Yksnøy Rangsaeter

Hovudtillitsvald Sjukepleiarforbundet Hornindal, May Britt Lillestøl

Hovudtillitsvald Sjukepleiarforbundet Volda, Vydmante Solominiene

#### **Fråfall:**

Tillitsvald for legane, Bent Ingebrigtsen

#### **Agenda:**

Aktivitet	Ansvarleg Oppfølging
<p><b>1. Gjennomgang av prosjektnotat</b></p> <p>Prosjektansvarleg Svein Berg-Rusten gjekk gjennom det utarbeidde prosjektnotatet.</p> <p><u>Dei fire fokusområda vart utdjupa i presentasjonen;</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Strategisk utvikling</li><li>• Meistringsklima</li><li>• Handlekraftig</li><li>• Samordning av det komplekse</li></ul> <p><u>Vidare gjennomgang av forventningar til prosjektgruppa i prosessen;</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Medlemmane skal vere prosjektansvarleg sine støttespelarar</li><li>• Dei skal representere dei tilsette og fagmiljøa</li><li>• Dei skal vere høyringsorgan for prosjektansvarleg i prosessen</li><li>• Prosjektansvarleg er den som til slutt skal konkludere</li></ul>	

Aktivitet	Ansvarleg Oppfølging
<p><b>2. Innspel frå medlemmane til prosjektnotat</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosjektnotatet må oppdaterast fortløpande ved endringar</li> <li>• Det er ynskjer om ei klarare målsetting for prosessen der brukarperspektivet bør vere i fokus.</li> <li>• Det kan vere behov for ei forventningsavklaring mellom prosjektansvarleg og gruppemedlemmane – avklaring av roller.</li> </ul>	SBR

Aktivitet	Ansvarleg Oppfølging
<p><b>3. SWOT analyse</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det er oppsett SWOT samling i september. Ein vel å utsette denne samlinga til etter 17.10.2018, då ein ynskjer å få framlagd rapporten frå Agenda Kaupang fyrst. Det er viktig å ta med funna i rapporten inn i det vidare arbeidet. Det må settast opp dato for denne samlinga snarast.</li> <li>- Det vart vidare drøfta deltaking i SWOT konferansen. Det kom forslag om at einingsleiarar, hovudtillitsvalde, hovudverneombod og NAV leiarar stiller på dette.</li> <li>- Prosjektansvarleg ber gruppa om innspel til tema/problemstillingar ein ynskjer å løfte fram i SWOT analysa.</li> </ul>	SBR

Aktivitet	Ansvarleg Oppfølging
<p><b>4. Evaluering av omorganiseringsprosess</b></p> <p>I 2014 vart det gjennomført ei større omorganisering i Volda kommune. Dette medførte også ein del endringar i helse- og omsorgssektoren. I mai-juni 2017 vart prosessen evaluert og funna vart presentert i møtet. Det er viktig at innspela frå dei tilsette blir med inn i arbeidet i utforminga av ny organisasjonsstruktur. Ein må konkludere korleis ein skal informere dei tilsette framover i høve desse tilbakemeldingane.</p>	SBR

Aktivitet	Ansvarleg Oppfølging
<p><b>5. Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dialogkonferanse Agenda Kaupang 05.09.218</li> </ul> <p>Det er viktig at alle einingsleiarar og teamleiarar blir innkalla på dette.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gruppa drøfta korleis sikre god informasjonsflyt til alle tilsette i høve framtidig organisering av helse- og omsorgstenestene. Det var semje om å utarbeide informasjonsbrev, både elektronisk og i papirformat. Ein undersøker om kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven kan bistå oss i dette arbeidet.</li> </ul>	SBR

Volda 31.08.2018

Ingunn Gjengedal (ref)